
Søknad - Tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) - 185293

Søkjar

Namn på føretaket
ARIL LANGESÆTER

Organisasjonsnummer
926327119

Selskapsform
ENKELTPERSONFORETAK

Namn på innehavaren
ARIL LANGESÆTER

Adresse
Kapperdalsvegen 144, 5912 SEIM

Driftssenter
4631-167/1

Namn på kontaktperson
Aril Langesæter

Mobilnummer
909 59 176

E-post
nkgard@hotmail.com

Kontonummer
***** ** 78008

Målform
Nynorsk

Eiendom og eierskap

Eiendom og eierskap

Du må oppgi hvilken landbruksseiendom SMIL-tiltaket skal gjennomføres på. Dersom tiltaket går over flere eiendommer, oppgi eiendommen hvor hoveddelen av tiltaket gjennomføres.

Landbruksseiendom
4631-167/1

Dersom du leier landbrukseiendommen der tiltaket skal gjennomføres, må det foreligge tillatelse fra eier av landbrukseiendommen for at det skal kunne innvilges SMIL-tilskudd.

Min tilknytning til landbrukseiendommen

Eier av eiendommen tiltaket gjennomføres på

Legg ved detaljkart som viser arealet/objektet der tiltaket skal gjennomføres, og hvor på eiendommen det ligger. Bruk gjerne gårdskart til å tegne og lage pdf.

Filnavn Gardskart gardflor.pdf

Vedleggstype Kart

Drift

For å få SMIL-tilskudd må det foregå en tilskudsberettiget produksjon på landbrukseiendommen.

Jeg er ansvarlig for tilskudsberettiget produksjon på landbrukseiendommen

Kommentar til drift

Tiltakstype

SMIL-tilskudd kangis til å gjennomføre konkrete tiltak eller til å planlegge prosjekter.

Jeg søker om tilskudd til å

Det kan gis tilskudd til enkeltstående tiltak eller større fellestiltak som berører flere aktører og/eller eiendommer. For fellestiltak med én søknad skal bare én av deltagerne stå som ansvarlig søker, men med skriftlig samtykke fra de andre deltagerne.

Tiltaket er et

Prosjektbeskrivelse

Beskrivelse av tiltaket eller planleggingsprosjektet

SMIL handler om å gjennomføre miljøtiltak utover det som kan forventes ved vanlig jordbruksdrift. I denne delen skal du gjøre rede for tiltaket/planleggingsprosjektet som skal gjennomføres. Dersom du trenger mer plass eller har tegninger/bilder osv. kan du laste opp disse her.

Prosjekttittel skal være et kort beskrivende navn på tiltaket/prosjektet, gjerne navn på objektet eller arealet.

Prosjekttittel

Gardflor på Nore Kapperdal brukt til mjølking av sau.

Kort beskrivelse av hva du ønsker å gjøre

Vøling av gardflor og tilhøyrande lammehus. Trinn 1. Vøling av gråsteinsmur gardflor.

Utfyllende beskrivelse av hva du ønsker å gjøre. Ta med beskrivelse av området og tilstanden til arealet/bygningen el. hvor tiltaket skal gjennomføres. Beskriv omfang av, og formål med tiltaket, hvordan tiltaket skal utføres (arbeidsmetoder, materialer etc.) og av hvem.

Gardfloren med lammehus er ein tidlegare tids driftsbygning bygt for mjelking av sau. På lokalmål kalla for gardflor eller smalehus. Ordet gardflor har med det å gjera at huset er ein del av steingarden som er skiljet millom innmark og utmark. I denne garden er det mura to driftsbygningar tett i einannan, (ein stor og ein liten) men som ein kan gå mellom. Bruken av huset i tidlegare tider fungera på dette viset: Om kvelden tok ein inn sauena med lam. Dette vart gjort i den største gardfloren. Deretter skjilde dei ifrå lamma, og hadde desse inn i den mindre gardfloren. Så vart sauene slepte utatt på beite for natta, før dei vart tekne inn neste morgen og mjelka. Dette arbeidet fann stad i den største gardfloren. Når mjelkinga var omme, vart sauene forente med lamma sine att, og dei gjekk saman på beite heilt til neste kveld, då ein gjentok seansen.

Det er den største gardfloren ein i denne omgang (Trinn 1) som søker midlar til å restaurere. Ein har som mål med tida å få restaurert begge gardflorane.

Den største gardfloren hev fjengje ein bul på langveggen, og ein ser tydelig at det hender noko i murverket. I eit forsøk på å stabilisera muren midlertidig, så har det vorte sveist støtter, som ein har montert på innsida av steinhuset, med press mot langveggen. Dette har hjelpt, men ein ser at her lyt ein taka i fær med eit langt større arbeid skal ein kunna bevara bygget for framtida.

Eg vil her visa til tilstandsrapport og biletet av Haakon Aase.

Målet for bygningadn om ein ser eit godt bel fram i tid er at ein kan få restaurert desse, fortrinnsvis med villhelletak, og ta desse i bruk i samband med Geitehald.

Gardflorane ligg omlag midt i det beite me har på oppsida av garden. I min barndom så var det tett skog på alt arealet over bøgarden. Men dette har far min rydda, slik at området idag framstår som eit kulturlandskap. Arealet over bøgarden ligg i dag registrert som naturbeitemark og me får ekstra stønad gjennom Regionale miljøtilskot for "skjøtsel av truga naturtypar"

Begrunn hvordan dette miljøtiltaket vil fremme natur- og kulturminneverdiene i jordbruks kulturlandskap og/eller redusere forurensningen fra jordbruket

Desse garflorane ligg fint til på ein liten flate, eit lite bel i frå garden, godt synleg frå vegen gjennom dalen. Den største av desse, den som er omhandla i denne søknaden står i fare for å rasa saman. Kulturlandskapet rundt vilverta meir heilhetleg, om ein med tida får restaurert og lagt tak på desse bygningane. Det går ein tursti ovanom steinhusa, og det vil sjå mykje finare ut for ferdafolk om det i framtida låg tak på husi, enn sånn som no når det bere er gapande hol der taket ein gong hev våre. Det at desse "driftsbygnigane" kjem frå ei tid i landbrukshistoria vår der ein mjølka sau, noko som ikkje hev vore vanlegt her på lang tid, bør i seg sjølv vera ein svært god grunn til å ta ekstra vare på desse.

Beskriv planlagt bruk for objektet/arealet etter at omsøkt tiltak er fullført

Planen er å ta husi i bruk til heilårs beitedrift. Me har idag ein bevaringsverdig saueraise, Rygjasau. Me har som mål at dei dyra me skal ha, skal vera av rasar som idag er rekna som bevaringsverdige. Me har planar om å starta opp med ammegeit med tida, og planen er då å ha ein geiterase som heiter Kystgeit. Dette er ein geiterase som er vand med å gå ute heile året, og tanken er då å nytta

steinhusa slik at geitena kan få tak over hovudet om dei ynskjer det. Dette er det også krav til frå myndighetena dersom ein skal ha dyr på beite heile året. Kystgeita er ein rein kjøttrase som ikkje har vorte avla på for mjølka sin del, og er idag rekna som kritisk trua.

Andre relevante opplysninger

Om garden

Nore Kapperdal gardsbruk ligg i dalføret Kopperdal i Seim, tildligare Lindås kommune ē no Alver i Nordhordland.

Garden er på 65oda med 35da full og overflatedyrka jord. Garden har 71da innmarksbeite, resten utmark.

Våningshus bygt i 1880

Driftsbygning ē 1880, men vart delvis riven og tilbygt med ny driftsbygning i midtn av 1970 taltet.
Redskapshus 2018 -

Garden har ei mengd murhus, fleire av desse er såkalla torvhus i utmarka i tillegg så er løa , vedskjykkja (tidlegare smia på garden) kvernhuset og to gardflorar murde i stein.

Dette har samanheng med at det tidlegare var svært lite skog i området, og godt tilfang av god murstein.

I følge kulturgeografisk registreing på Vestlandet utført av Johan Liteskare, (ein gong på 1930 talet) som tek for seg det tunet som var før 1880, så står det m.a « garden hadde 2 mura smalehus i bøgjerdet»

Drifta på garden består av ein bestening med 54 vinterfora Rygjasau.

Rygjasauen er ein norsk rase med opphav i Rogaland, og som i dag er rekna som trua.

Brukarane på Kapperdal

Dagens brukarar på Kopperdal er Aril Langesæter med sambuar Annelin T Feste og vår felles dotter Ingrid Langesæter (2år)

Mor og far til Aril, Reidun og Kjell overtok bruket i 1994 etter Ivar og Aud Kopperdal. Desse hadde då bygt seg nytt hus på utskild tomt. I dag er dette huset kårhús på garden. Garden vart overtatt i full drift, den gong med ein besetning ammekyr av NRF.

Når Ivar og Aud selde garden, så hadde denne vert i ætta til Ivar i svært lang tid. I følge boka Norske gardsbruk som kom ut i 1964, så har garden vore i ætta frå ikr. 1550. (s258 Hordaland fylke band 2)

Aril og Annelin overtok drifta og garden 01.01.21. Far til Aril er fortsatt sterkt involvert i drifta av garden, og har idag stilling som ulønna dreng.

Aril er utdanna Industrimekaniker og Annelin er utdanna CNC operatør (Maskinarbeider).

Me har begge arbeid utanom garden, og er ansette hjå Framo (Tidlegare Frank Mohn) Som er ein verdsleidande pumpeprodusent for olje og gassindustrien, lokalisert på Flatøy i Nordhordland.

Filnavn Gardflor biletet 2022.JPG

Vedleggstype Bilde

Filnavn Bilete av gardflor tidleg 2000 tal.pdf

Vedleggstype Bilde

Prosjektpériode

Prosjektperioden skal inkludere utarbeidelse av sluttregnskap og rapportering. Det innvilges normalt ikke tilskudd til tiltak som allerede er påbegynt eller slutført.

Prosjektperiode

Frå 01.08.2022 Til 01.08.2025

Redegjør for fremdriftsplan

Framdriftsplan.

Trinn 1

Vøling av murverk i gardflor.

1. Søkje og innhente midlar - Pågår.
2. Vøling av murverk - Arbeidet tek til så snart råd er etter finansiering er ordna, og i samband med Haakon Aase.

Trinn 2

Byggjing av takkonstruksjon (spenntak) og leggjing av (fortrinnsvis) villheller.

1. Søkje og innhente midlar.
2. Byggjing av takkonstruksjon og legge tak - Arbeid tek til så snart råd er, etter finansiering er orda og i samband med dei som skal utføra arbeidet.

Trinn 3

Vøling av murverk i lammehus.

1. Søkje og innhente midlar.
2. Vøling av murverk - Arbeidet tek til så snart råd er etter finansiering er ordna, og i samband med Haakon Aase.

Trinn 4

Byggjing av takkonstruksjon (sperretak) samt leggjing av (fortrinnsvis) villheller

1. Søkje og innhente midlar.
2. Byggjing av takkonstruksjon og legge tak - Arbeid tek til så snart råd er, etter finansiering er orda og i samband med dei som skal utføra arbeidet.

Trinn 5

Vøling av noko steingard på kvar side av "anlegget" for heilheten sin del.

1. Søkje og innhente midlar.
2. Vøling av murverk - Arbeidet tek til så snart råd er etter finansiering er ordna, og i samband med Haakon Aase.

Det er pr idag ingen datoar knytt opp mot arbeidet, då det heile er avhengig av finansiering. Det er laga framdriftsplan som syner timeforbruk på gardfloren som er trinn 1 i framdriftsplanen over.

Denne planen er laga av Haakon Aase og syner antatt tidsforbruk. Denne ligg som vedlegg, sjå også kostnadsoverslag som m.a syner antall dagsverk.

Finansieringsplan

Kostnadsoverslag

Kostnadsoverslaget skal omfatte totale kostnadar. Oppgje beløp ekskl. mva. dersom det er frådragsrett for inngåande mva. for tiltaket. Dette kan berre gjelde verksemder som er registrert i Meirverdiavgiftsregisteret. Andre verksemder kan oppgje beløp inkl. mva.

Kostnadsoverslag

336 000

Spesifiser kostnader

Kostnader med planlegging, organisering og gjennomføring av prosjektet kan inngå i kostnadsoverslaget. Dette gjelder blant annet materalkostnader, arbeidskostnader og kostnader med utarbeiding av nødvendige planer.

Nye rader kan settes inn ved bruk av tab eller ved hjelp av tabellikonet.

Type kostnad (aktivitet)	Beløp (kroner)
Haakon Aase tørrmuring	336000

Oppgi om kostnadene til innkjøpte varer og tjenester er inklusiv eller eksklusiv mva.
Eksklusiv mva. Kostnadene er fradagsberettiget.

Kommentar til kostnadsoverslaget

Sjå vedlagt kostnadsoverslag

Finansieringsplan – summen av søknadsbeløp, egen og annen finansiering må tilsvare kostnadsoverslaget

Søknadssum

100 000

Eiga finansiering

50 000

Spesifiser egen finansiering

Spesifiser verdi av eget arbeid og egenandel. Dersom du trenger mer plass kan du i tillegg laste opp vedlegg.

Nye rader kan settes inn ved bruk av tab eller ved hjelp av tabellikonet.

Finansieringskilde/type finansiering	Beløp (kroner)
Egenandel	50000

Anna finansiering

186 000

Spesifiser annen finansiering

Spesifiser ev. andre finansieringskilder. Oppgi også om midlene er innvilget eller kun omsøkt. Hvis du har dokumentasjon som bekrefter annen finansiering kan du i tillegg laste opp vedlegg.

Nye rader kan settes inn ved bruk av tab eller ved hjelp av tabellikonet.

--	--	--

Finansieringskilde/type finansiering	Beløp (kroner)
Kulturvernmidlar Alver Kommune	80000
private fond og stiftelsar	11000
Kulturminnefondet	95000

Kommentar til finansieringsplanen

Det er pr idag, kun søkt om midlar hjå Alver Kommune

Vedlegg

Filnamn

Gardflor i Kopperdalen - rapport frå synfaring 14.07.21.docx
 Naturbase faktaark.pdf
 Gardflor i stein fotodokumentasjon.pdf
 Framdriftsplan for Gardflor.pdf
 Gardflor Kopperdal. Kulturverntenesta i Nordhordland.pdf
 Kostnadsoverslag gardflor alternativ I.xlsx
 Gardflor i Kopperdalen tilstand og tiltak.docx

Type vedlegg

Andre vedlegg
 Andre vedlegg
 Andre vedlegg
 Andre vedlegg
 Andre vedlegg
 Andre vedlegg
 Andre vedlegg
 Andre vedlegg
 Andre vedlegg

Oppsummering

Kven skal behandle søknaden?

Alver kommune

Kommentar

Då me er i ein hektisk småbarnsperiode i livet, så har me valgt å ikkje føra opp noko under eige arbeid. Eg kjem til å bidra i det praktiske arbeidet, men då det er svært usikkert kor mykje, så har eg valgt å ikkje ta med noko eige arbeid i kostnadsoverslaget, men heller sjå etter kvart kor mykje eg har moglegheit til å bidra med.

Bekreft og send søknad

Eg bekreftar at opplysningane i søknaden er fullstendige og korrekte.

Innsendingsdato

07.03.2022